

1200 kubikkmeter på Børneskaia

27.05.2011



Ørjan Gangstø har vore på Børnes med eitt nytt lass

**Skogbruket har vind i segla på Vestlandet - så også i Kvinnherad.**  
**Eit anslag for det tømmeret som akkurat no legg på Børneeskia i Uskedalen understrekar det.**

**Tømmertransportør Ørjan Gangstø**  
**antar at det er rundt rekna 1.200 kubikkmeter og virket kjem frå heile kommunen. Men det har vore lagra like mykje der før.**

Gangstø Transport i Vindafjord har køyrt tømmer til Børnes sidan 1990-talet og er i aktivitet i heile Hordaland og halve Rogaland. Ørjan er svært fornøgd med utviklinga i det siste.

Særleg på Kaldestad i Husnes og i Omvikdalen har det vore store drifter i det siste, men også i Åkra blir det avvirkja ein god del. Akkurat no blir det ikkje hogge i Uskedalen.

Vestskog hadde eitt svært godt år i fjor og spørsmålet er om dette året blir like oppløftande, I 2010 enda skogeigarlaget på rekorden 150.000 kubikk etter ein auke på 38 prosent og to tredelar vart hogge i Hordaland.

Ullensvang og Voss toppa statistikken i vårt fylke, men Kvinnherad låg også brukbart an.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen